



ÅRSMØTE 2022

SOGNDAL IL FOTBALL

ÅRSMØTEPROTOKOLL

Den 9.mars 2022 vart det halde ordinært årsmøte for Sogndal IL Fotball.
Det var 22 personar til stades, 14 av desse medlemmar med stemmerett.

1. Opning

Styreleiar Jan Rune Årøy opna møtet.

1.1 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Merknad:

Innkalling vart annonsert om lag ei veke før seint, og saksdokument vart lagt ut 6 dagar før møtet og ikkje 7 dagar slik vedtekten seier. Styreleiar orsaka dette, noko årsmøtet godtok.

Samråystes vedtak: «Innkalling og sakliste vart godkjent»

1.2 Samråystes vedtak: «Yngve Hallén vart vald som ordstyrar.»

1.3 Samråystes vedtak: «Margrethe Svidal vart vald som skrivar.»

1.4 Samråystes vedtak: «Torgeir Bøyum og Rolf Navarsete vart vald til å skriva under protokollen.»

2. Godkjenning av årsmelding og rekneskap 2021

Innspel:

Årsmøtet ønskja at det var meir utfyllande informasjon på delane:

- Organisasjon (m.a. med tal medlemmar)
- Sportslege resultat a-laget (fleire høgdepunkt)
- Økonomi (konsolidert rekneskap og prognose lisensrapportering (FOS).

Årsmøtet tok innspela til vitande.

Samråystes vedtak: «Årsrapport og årsrekneskap for 2021 vert godkjent.»

3. Innkomne forslag

Det var kome inn 6 forslag innan fristen. Alle signert medlem Vidar Vadseth.

Forslag 1: «Sogndal Idrettslag Fotball skal vere pådrivar og ha eit sterkt ønskje om at den divisjonen dei til ei kvar tid spelar i, skal so hovudregel ha sin hovudkampdag i seriespelet lagt til laurdag eller søndag.»

Innstilling frå styret:

«Dette allereie er ein del av klubben sin strategi inn mot NTF.

Årsmøtet støttar framleggjet.»

«Styret si innstilling samråystes vedteke.»

Forslag 2: «Sogndal Idrettslag Fotball skal vere pådrivar og ha eit ønskje ovanfor overordna organisasjonsledd til å behalde eigarskapen til norske fotballklubbar på medlemmane sine hender. Forslaget går ut på å halde på modellen me har i dag.»

Innstilling frå styret:

Årsmøtet støttar framleggjet.

«Styret si innstilling samråystes vedteke.»

Forslag 3: «Sogndal Idrettslag Fotball skal vere pådrivar og ha eit sterkt ønskje om at ligastrukturen forblir slik den er i dag, og vere i mot alle forslag på noko so kan likna eit sluttspel. Ligastrukturen skal vere slik at alle lag møter kvarandre heime og borte.»

Justert innstilling frå styret etter debatt:

«Årsmøtet støttar framlegget sin siste setning om at alle lag skal møte kvarandre heime/borte. Dersom ligastrukturen skal endrast i framtida, skal medlemene i klubben få høve til å uttale seg på eit årsmøte før eit vedtak på forbundstinget.»

«*Styret si innstilling samrøystes vedteke.*»

Forslag 4: «Sogndal Idrettslag Fotball skal vere pådrivar og ha eit sterkt ønskje om at sesongen so hovudregel skal begrensast til å føregå i frå april og til byrjinga av november.»

Innstilling frå styret:

«Årsmøtet avviser framlegget, då dette kan hindre sportsleg utvikling.»

Forslaga frå forslagsstillaar og årsmøtet vart sett opp mot kvarandre.

«*Styret si innstilling vart vedteke med 8 mot 6 stemmer.*»

Forslag 5: Sogndal Idrettslag Fotball skal ta avstand frå og vere ein pådrivar for at overordna organisasjonsledd, her NFF, jobbar mot at totalitære regimer blir tildelt Europameisterskap (EM) og Verdsmeisterskap (VM) på alle nivå og for begge kjønn. Herunder også land so systematisk bryt med menneskerettigeitane.

Justert innstilling frå styret etter debatt:

«Årsmøtet støttar framlegget og sender det over til styret for vidare oppfølging.»

«*Styret si innstilling samrøystes vedteke.*»

Forslag 6: Sogndal Idrettslag Fotball er i mot Video Assistant Referee(VAR) i norsk fotball og skal arbeida mot innføringa av VAR gjennom NTF og NFF.

Justert innstilling frå styret etter debatt:

«Forslaget vert oversendt styret for vidare utgreiing og handsaming.»

«*Styret si innstilling samrøystes vedteke.*»

4. Budsjett 2022

Samrøystes vedtak: «Budsjett for 2022 vart godkjent.»

5. Val

Valkomiteen sin medlem Tor Arne Ness presenterte innstillinga.

5.1 Val av styre

Følgjande vart vald ved akklamasjon:

- Jan Line Bjelde - ny, 2 år
- Øyvind Heimset Larsen - ny, 2 år
- Trude Ramstad - attval, 2 år
- Andrea Solbakken - attval, repr. Breiddestyret

Styret består no av desse og:

- Einar Ylvisåker, ikkje på val
- Ingvar Stadheim, ikkje på val
- Jan Rune Årøy, ikkje på val

5.3 Val av styreleiar.

Det vart gjort slik val ved akklamasjon:

- Styreleiar Jan Rune Årøy, attval

5.4 Val av nestleiar.

Det vart gjort slik val ved akklamasjon:

- Nestleiar Trude Ramstad, ny som nestleiar

5.5 Andre fora.

Samråystes vedtak: «Årsmøte delegerer til styret å velje/oppnemne breiidesyre og velje representantar til ulike fora som organisasjonen har rett til å delta i.»

5.6 Kontrollkomité.

Samråystes vedtak: «Rune Timberlid (ny) og Sigurd Ellingsen (attval) vart vald til kontrollkomité.»

5.7 Revisor.

Samråystes vedtak: «Deloitte vart attvald som revisor for organisasjonen.»

5.8 Valkomité.


Samråystes vedtak: «Dagfinn Rude Johannessen (attval som leiar), Margrethe Svidal (ny) og Tonje Norheim Tangerud (attval) vart vald til valkomité.»

6. Open post


Margrethe Svidal vart takka av som styremedlem etter 18 år av styreleiar. Fleire tok ordet og takka Margrethe for hennar innsats både lokalt og nasjonalt.

Protokollen vart så vedteken.

Sogndal 9. mars 202



Rolf Navarsete



Torgeir Bøyum